



HOPLAND FISK Even Hopland
Solevegen 150
5943 AUSTRHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Silje Anette Lyhammer, 5557 2151

Svar på søknad om dispensasjon frå etterregistreringsfristen i produksjonstilskot 2020 - Hopland Fisk Even Hopland

Vi viser til søknad om dispensasjon frå etterregistreringsfristen for produksjonstilskot, sendt 13. januar 2021. Søknaden vart oversendt frå Alver/ Austrheim kommune 18. januar 2021.

Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland gjev føretaket Hopland fisk Even Hopland, org.nr 983 397 123, avslag på dispensasjon frå etterregistreringsfristen i produksjonstilskot for 2020. Vedtaket har heimel i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 9.

Bakgrunn

Føretaket Hopland fisk Even Hopland driv med hald av sau i Austrheim kommune. Du søkte om produksjonstilskot i mars og oktober 2020. Då du skulle etterregistrere avløysarutgifter i januar 2021, fann du ikkje søknaden frå oktober i Altinn og fekk ikkje etterregistrert avløysarutgiftene dine for 2020.

Du skriv i søknaden om dispensasjon at du var for sein med etterregistrering av avløysartilskot. Du nytta NLT for utbetaling av løn og var ute i siste liten då du hadde ny avløysar og NLT trong tilleggsinformasjon om denne. Då du skulle leggje inn talet i søknaden, vart du usikker, sidan det ikkje var betalt løn slik du venta. Du brukte kr 79.599,- til avløyning i 2020.

Regelverk

I følge forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket og Veileder til søknad om produksjonstilskudd, er det søkjar sitt ansvar at søknaden vert levert i rett tid. Søknadsfristane er 15. mars og 15. oktober. Nokre opplysningar kan etterregistrerast fram til 10. januar året etter. Statsforvaltaren kan i særlege høve dispensere frå søknadsfristen jf. forskrifta §9. Dei same retningslinene gjeld fristen for etterregistrering 10. januar.

Vurdering



Føretak som søker om produksjonstilskot er å rekne som sjølvstendig næringsdrivande. Som sjølvstendig næringsdrivande må det stillast strenge krav til aktsemd og at søker overheld fristane i samband med søknad om produksjonstilskot. Det er søker sitt ansvar å setje seg inn i regelverket og passe på at søknaden vert levert i rett tid, det gjeld også nye søkerar.

Landbruksdirektoratet har i rundskriv 2020–28 i punkt 9.2, gjort greie for korleis dispensasjonsreglane skal praktiserast. Ein dispensasjon kan gjevast i «særlige tilfeller». Det tyder at det berre kan innvilgast dispensasjon når det føreligg ei spesiell, forbigåande årsak utanfor føretaket sin kontroll som fører til at føretaket ikkje oppfyller vilkåra i forskrifta. Dispensasjon er meint som ein sikkerheitsventil, og skal berre nyttast i heilt spesielle situasjonar. Dette tyder at det ikkje kan gjevast dispensasjon frå søknadsfristen når søker sjølv kunne ha avverga at søknaden vert levert for seint. Det skal gjerast ei heilskapleg vurdering om det er eit særleg tilfelle.

Ut frå informasjonen frå deg og Alver kommune, oppfattar vi at du var for sein med å etterregistrere og at du ikkje fann søknaden for å kunne registrere avløysarutgifter.

Statsforvaltaren har vore i kontakt med Landbruksdirektoratet, der fekk vi beskjed om at det ikkje er registrert aktivitet i skjema for produksjonstilskot siste 30 dagar. Dette stemmer med informasjonen frå deg og Alver kommune.

Vi finn difor at dette ikkje er eit særleg tilfelle som gir grunnlag for dispensasjon frå søknadsfristen for føretaket Hopland fisk Even Hopland.

Klagerett

Etter forvaltningslova kap. VI kan du klage på dette vedtaket innan tre veker etter at du har motteke dette brevet. Klaga skal grunngjevast, stilast til Landbruksdirektoratet og sendast om Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Bjørn-Harald Haugsvær
ass landbruksdirektør

Silje Anette Lyhammer
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Alver kommune Postboks 4 5906 FREKHAUG